


INFORMASJON
Kommunevalg 2023



Topp 3 Bokn KrF



A photograph of three men standing outdoors in a scenic, rural setting. They are positioned in front of a body of water with green hills and small houses in the background. The man on the left is wearing a dark zip-up sweater and has a beard. The man in the center is wearing a dark hoodie with a white map graphic on it and glasses. The man on the right is wearing a light-colored button-down shirt and sunglasses. They are all smiling at the camera.

**Saman for eit
varmare Bokn**

Tid til det viktigste



Program for Bokn KrF 2023-2027

Kristeleg folkeparti er i alt sitt politiske arbeid forpliktat på det kristne menneskesynet, nestekjærleiksbotet, tenesteoppdraget og forvaltaransvaret.

Kyrkje og kristenliv

KrF vil arbeida for:

- å gi kyrkja gode økonomiske vilkår til å utføra oppgåvene sine.
- godt vedlikehald av kyrkje og gravplass.
- gode vilkår for frivillig arbeid.

Skule og barnehage


KrF vil arbeida for:

- auka støtte til born som treng ekstra oppfølging.
- å gi kurstilbod til lærarar og foreldre som har born med spesielle behov.
- at kristne grunnverdiar skal prega skule og barnehage.
- tilrettelegging til meir samhandling mellom heimane og skulen.
- at barnehagetilbodet og skule må vera mest mogleg knytt til naturen og nærmiljøet.
- meir leikbasert læring i småskulen.
- meir praktisk læring i skulen.

Alkohol, narkotika og andre rusmidlar

Rus er framleis årsak til store helse- og sosialproblem i landet. KrF vil arbeida for:

- å støtte gode, rusfrie fritidstilbod.
- at kommunale tilstellingar er rusfrie.
- ein restriktiv alkoholpolitikk.
- god kontroll med verksemder og lag som har løyve til å selja alkohol .
- eit aktivt og målretta kommunalt rusførebyggjande arbeid.





Helse og omsorg

KrF ynskjer å skapa trygge livsvilkår for alle som bur i Bokn. KrF vil arbeida for:

- å sikra eit godt førebyggjande helsearbeid for alle.
- at psykisk sjuke får eit tilstrekkeleg tilbod.
- at det er tilgjengelege bustadar til innbyggjarar med spesielle behov.



Kultur og verdival

KrF vil arbeida for:


- aktivt og godt samspel mellom det frivillige og det offentlege.
- å støtte arbeidet som vert drive av frivillige og frivillige organisasjonar.
- å støtte varierte aktivitetar for eldre.
- å støtte fleirkulturelle aktivitetar.
- eit aktivt og positivt ungdomsmiljø.



Familiepolitikk

Familien er den grunnleggjande byggesteinen i samfunnet vårt. KrF vil arbeida for:

- å styrkja regionalt samarbeid om familierrådgiving og samlivskurs.
- at alle barn uansett familieforhold blir teke vare på og får omsorg og gode oppvekstvilkår.
- at familiar som treng hjelpe må få dette mest mogleg gjennom heimebaserte tiltak.
- at kommunen gir god informasjon om Boknasamfunnet til innflyttarar, og at det blir kjekt på Bokn for alle.






**Samfunnet bygges
nedenfra!**

Næringsverksemd

Eit velfungerande og aktivt næringsliv er ein føresetnad for å sikra velferdssamfunnet. KrF vil arbeida for:


- god service og kort handsaming frå kommunalt hald.
- fleire nye arbeidsplassar på Bokn.
- å sikra næringsareal med lett tilgang til sjø.
- at det vert laga kvileplass for tungtransport m/service på Bokn
- godt samarbeid med andre kommunar på Haugalandet om næringsutvikling.
- godt vedlikehald av kommunale vegar og eigedommar.
- å få ein god utvikling på område frå og med Knarholmen og sørover.
- å tilføre næringsfondet meir midlar.
- å realisere hamneprosjektet på Austre Bokn.




Jordbruk

Eit aktivt jordbruk i Bokn er nøkkelen til det varierte kulturlandskapet vi har i dag. KrF vil arbeida for:

- å legga til rette for eit attraktivt og produktivt jordbruk.
- å sikra at bu- og driveplikta vert håndheva.
- vern av dyrka og dyrkbar jord, ved at jord ikkje blir bustad- eller næringsområde.
- å oppmuntra til at jordbruksjord utan bygningar vert seld som tilleggsjord.



**Ja til lokalt
jordbruk!**



**Stem Bokn KrF
11. september**

Tid til det viktigste



Kommunikasjon og samferdsel

Gode kommunikasjonsløysingar er viktig for å sikra busetting og næringsliv i alle deler av kommunen. KrF vil arbeida for:

- god planløysing for E39 gjennom Bokn.
- minimalisere inngrep i miljøet ved bygging av ny E39.
- å få ruste opp kommune- og fylkes vegar til eit høgare akseltrykk.
- å betre kollektivtilbodet for vidaregåande elevar frå Bokn.
- at det vert bygd sykkel- og gangvegar i Bokn slik at ein kan sykla eller gå frå Ognøy i nord, til Loten i sør.

Bustadbygging

KrF vil arbeida for:

- at kommunen har regulerte områder til husbygging på meir enn ein plass.
- at kommunen legg til rette for byggffelt med varierte og attraktive tomtar.
- at det er mogleg å byggja større hus med fleire bueininger med livsløpsstandard.



Miljø og natur

KrF vil arbeida for:

- å ta vare på den varierte og fine naturen i kommunen.
- å legge til rette for balansert bruk av naturen til friluftsliv og næring.
- stimulere tiltak som kan stoppe tilgroing.
- stimulere til energisparande tiltak og bruk av nye energikjelder.
- mindre bruk av plast.
- å motivera til «plogging» (plogging er en mosjonsform som kombinerer jogging og plukking av søppel).



Foto: Shutterstock

Møt våre listekandidater



Hans Jørgen Ognøy
1. kandidat

1970
Ognøy



Oddvar Hognaland
2. kandidat

1966
Førresvik



Joshua Andreas Ognøy
3. kandidat

2005
Ognøy



Ernst Harald Alvestad
4. kandidat
2000
Alvestadkroken




Petra Winkler Ognøy
5. kandidat
1974
Ognøy



Sigmund Alvestad
6. kandidat
1946
Kleivå



Arthur Alvestad
7. kandidat
1950
Alvestadkroken



Tid til det viktigste



Ein stemme til Bokn KrF
er ein stemme til eit varmere samfunn



Les hele vårt program på: www.krf.no/Bokn

